

Invitasjon til Elevbedriftsmesse Naustdal 2016

Torsdag 17 mars inviterer vi til årets entreprenørskapsmesse i Naustdalshallen.

Vi inviterer entreprenørskapsungdom til å vise fram sine elevbedrifter, og delta i tevlinga om å bli årets Elevbedrift.

Det også mogleg for elevar, foreldre og lærarar som ikkje har elevbedrift til å komme og sjå, for å lære og for å få inspirasjon til å arbeide med elevbedrifter.

Der blir inspirasjonsforedrag med Bente Nilsen frå Frivilligsentralen i Flora, og ungdomsbedrifta Trimmigrøring frå idrettslinja på Flora vgs. Der blir quiz og rebusløype for dei som kjem på messa.

NB! Alle elevbedrifter som deltek må vere registrert på www.ue.no .

Påmeldingsfrist er 1 mars.



Beste elevbedrift 2015, Halbrend Røykeri frå Halbrend skule. Produkt: Knakande god røykelaks.

PROGRAM

- 09.00 – 10.00** Registrering og klargjøring av stand på messeområdet.
* Stand vil bli tildelt ved registrering av bedrifta.
- 10.00- 10.30** Opning av Elevbedriftsmessa 2016.
- 10.30** Utstillingane opnar.
Kantina opnar. Det vert høve til å kjøpe enkel lunsj. Nistepakke er lov å ta med.
Rebusløype og Quiz startar. Frist for innlevering er kl. 12.30.
- 11.00** Inspirasjonsforedag
Bente Nilsen frå Flora frivilligsentral kjem og fortel om arbeidet deira.
Ho har fokus på kva ungdom kan bidra med når det gjeld flyktningar.
Foredrag av ungdomsbedrifta Trimigrering frå idrettslinja på Flora vgs.
Dei integrerer gjennom trim og trening.
- 12.00** Inspirasjonsforedag
Bente Nilsen frå Flora frivilligsentral kjem og fortel om arbeidet deira.
Ho har fokus på kva ungdom kan bidra med når det gjeld flyktningar.
Foredrag av ungdomsbedrifta Trimigrering frå idrettslinja på Flora vgs.
Dei integrerer gjennom trim og trening.
- 13.00** Utstillingane stengjer. Alle er ansvarleg for å rydde sine standar.
- 13.00 – 13.15** Kåring av vinnarar i dei ulike klassane. Trekking av premiar på Rebusløype og quiz.

Vel heim!

* *Vi tek atterhald om evt. endringar i programmet.*

For og sjå program og følgje med på eventuelle endringar:

<http://www.ue.no/Sogn-og-Fjordane/Kalender/Elevbedriftsmesse-Naustdal-2016>



Stand – Utstilling av elevbedrifter

Når de kjem til messa må de registrere dykk i sekretariatet. Der er det og messevertar som vil hjelpe dykk på plass og hjelpe dykk med praktiske problem som måtte oppstå.

Kvar elevbedrift som deltar på messa vil bli tildelt ein stand, ein stad der de kan vise fram bedriftene eller prosjekta dykkar. Kvar elevbedrift vil få eit bord og litt veggplass. Treng de mykje plass må de melde tilbake kva de har behov for. Treng de straum ynskjer vi tilbakemelding på det. **Kan likevel vere lurt å ta med ein ekstra kabel.** Det er viktig at de planlegg dette nøye på førehand slik at det går fort å få opp utstillingane.

Om de treng trådløst internett til utstillingane dykkar så gje melding om det på påmeldingsskjemaet.

Det vert premiering i ulike klassar.

Ved årets messe vert det premiært i desse klassane:

Grunnskule:

- Beste elevbedrift
- Beste lokalsamfunnsprosjekt
- Beste ide.
- Beste klima og miljø tiltak/grøne ide.
- Alle som stiller på stand er automatisk med i klassa: Beste stand og presentasjon

For å melde elevbedrifta eller ideen din på messa, følgjer du linken under her. Då melder du deg samstundes på ein eller fleire av klassane du kan konkurrere i.

NB! Frist for å melde seg på er **måndag 1 mars.**

Påmelding elevbedrifter:

<https://uesfj.wufoo.com/forms/z6l6kc0x5t3el/>



Om skulane ikkje har prosjekt dei ynskjer å vise fram er dei inviterte som gjester og kan besøke utstillingane og delta på inspirasjonsforedrag og konkurransane som går i løpet av dagen.

Vi fordeler skulane på inspirasjonsforedrag enten kl 11.00 eller 12.00. Kvant foredrag varer om lag 30 min.

Det er ikkje kostnadar ved å delta på messa, men skulane må ordne transport sjølve. For eventuelle reisetilskot ta kontakt med jorn.helgheim@ue.no .

Dersom det er informasjon som er uklår eller dersom de har spørsmål er det berre å ta kontakt. I tida fram mot messa arbeidar vi med å kvalitetssikre messa for å gjere dette til ei positiv oppleving for de som arbeidar med elevbedrifter og entreprenørskap i grunnskulen. Veit de om prosjekt som hadde vore fine å stille ut er det kjekt å få tips om desse.

Meir informasjon vert sendt ut etter at påmeldingsfristen har gått ut, så difor er det viktig at dykk følgjer nøye med på både e-post og våre nettsider. I tillegg til informasjon vil det også ligge ulike tips på heimesida vår, som kan vere nyttig å lese med tanke på utstilling, stand og presentasjonar under messa.

Vi ber dei som skal delta i konkurransane om å **lese konkurransekriteria nøye**. Vedlegg 1.

Messa vet arrangert i samarbeid med Naustdal Barne og ungdomsskule. Ei elevbedrift frå skulen vil og ha kantine denne dagen.

Spørsmål rettast til Jørn Helgheim på e-post: jorn.helgheim@ue.no eller på 47 34 89 51.

VI GJER MERKSAM PÅ AT OPPDATERINGAR OG ENDRINGAR AV PROGRAMMET KAN KOMME SÅ VI OPPMODAR ALLE OM Å FØLGJE MED PÅ E-POST OG VÅRE NETTSIDER FRAM I MOT MESSA !

ue.no.Sogn-og-Fjordane



Vedlegg 1

Konkurranseskriterium.

Dokumentasjon av punkta nedanfor vert ein del av den totale vurderinga i klassa Beste Elevbedrift/design/lokalsamfunnsprosjekt/ide/stand. I tillegg vert ein vurdert på heilskapsinntrykket av elevbedrifta.

Kreativitet, nyskaping og gode idear vil bli vektlagt i alle klassar.

▣ Beste elevbedrift

- beskriv korleis bedrifta har marknadsført seg
- ei beskriving av produktet/tenesta til elevbedrifta
- ei beskrivinga av korleis ein kom fram til produktet/tenesta
- økonomisk oppstilling-budsjett-rekneskap

▣ Beste lokalsamfunnsprosjekt

- at prosjektet tek utgangspunkt i lokalsamfunnet
- at prosjektet er nytenkjande
- at prosjektet kjem innbyggjarane til nytte

▣ Beste ide.

- at ideen er innovativ og nyskapande
- at ideen er mogleg å gjennomføre
- beskriving av korleis ein har kome fram til ideen

▣ Beste klima og miljøtiltak/grøne ide.

- er løysingane kreative, har gruppa nye idear
- vil ideen bidra til å redusere forbruk eller mengda på avfall
- kan ideen gjennomførast ein gong (i framtida)

▣ Beste stand

- juryen vil legge vekt på estetisk uttrykk og utforming av stand
- har gruppa ein eigenprodusert stand og har den eit personleg uttrykk
- formidling og munnleg presentasjon

